

MØTEINNKALLING

**Til medlemmane
i representantskapet i Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS**

Det blir kalla inn til ekstra møte i representantskapet **tirsdag 15. juni 2021, kl. 09.00**. Møtet vert halde som fjernmøte via Teams.

Leiar for representantskapet kallar inn med kortare frist enn vanleg med bakgrunn i IKS-lova §8, tredje ledd.

SAKLISTE

Sak 04/21 Disponering av midlar frå disposisjonsfondet

Dersom det er vanskeleg å møte, gi beskjed på telefon 926 11735 eller e-postadresse bjorn.tommerdal@sksiks.no

Dag Olav Tennfjord
leiar i representantskapet
(sign)

SAK 04/21 DISPONERING AV MIDLAR FRÅ DISPOSISJONSFOND

Styret i Sunnmøre kontrollutval IKS har i sitt styremøte 3.juni.2021 fatta vedtak om å gå til anskaffing av eit sakarkivsystem som fyller krava for at ein får gjort sakshandsaming og arkivering i tråd med offentleglov, forvaltningslov og arkivlov.

Styret ber vidare representantskapet om løyve til å disponere midlar frå disposisjonsfondet til oppstartskostnadane for denne anskaffinga.

Jf. selskapsavtalen §12, punkt 4. *Overskott/underskott skal regulerast mot eit disposisjonsfond og disponering kan gjerast ved inntektsføring på budsjett/rekneskap etter vedtak i representantskapet.*

Disposisjonsfondet i selskapet er i dag på kr 1.214.818.

Styret bed om løyve til å bruke kr 251 000 av desse midlane.

Dei årlege kostnadane ved anskaffinga vert dekkja over selskapet si ordinære drift og driftsbudsjett.

Innstilling til vedtak:

Representantskapet gjev styret for Sunnmøre kontrollutvalssekretariat IKS løyve til å disponere kr 251 000 frå disposisjonsfondet til anskaffing av saksarkivsystem for selskapet.

Ålesund 07.07.2021

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
SKS IKS

Solveig Kvamme
Rådgivar
SKS IKS